

Metoderapport: Medlemsjuks i Norsk Målungdom

1. Journalist: Odd Isungset
2. Tittel: Medlemsjuks i Norsk Målungdom
3. Publisert i TV 2 Rikets Tilstand 9.10.2002. Oppfølgingssaker i Tabloid + i diverse nyhetssendingar 10., 14., 15., og 18.10
4. Redaksjonens adresse: Boks 2, 0101 Oslo. Tlf. 22 31 47 00
5. Odd Isungset direkte 22 31 47 89
6. På grunn av kjeldevernet blir denne metoderapporten nokså kortfatta. Men her er eit kort omriss i tråd med malen for metoderapporten:

a) Arbeidet kom i gang på bakgrunn av eit anonymt tips til redaksjonen i 2001. Tipset gjekk ut på at det var omfattande overrapportering av medlemmer i Norsk Målungdom (NMU), og at organisasjonen urettmessig hadde fått utbetalt kursstøtte. Det mest interessante var at dette hadde føregått etter AUF-skandalen, altså etter at regleverket, kravet til revisjon og kravet til statleg kontroll var skjerpa. Og etter at rettsapparatet hadde slått fast at tilsvarende handlingar kvalifiserte til fengsesstraff.

b) Den sentrale problemstillinga i starten var kort og godt: Kan dette vere sant? Korleis kan det dokumenterast? Og korleis skal vi lage TV av det? Kven skal vi konfrontere, og når? Efter kvart greidde vi å skaffe oss mykje skriftleg materiale, samt ei lang rekke interne datafiler som ikkje etterlet stor tvil om at vi hadde med ein ukultur å gjere.

c) Problemstillinga vart ikkje endra undervegs. Vår hovudmål var å dokumentere ukulturen i organisasjonen.

d) I hovudsak var eg åleine om den journalistiske jobben. Det var eg som hadde kontakt med kjeldene, og som systematiserte og kontrollerte det skriftlege materialet vi hadde i form av datafiler og skriftlege dokument. Jobben var krevjande med omsyn til kjeldevern og kjeldekontroll. Materialet var enormt. Ein del av det var verna med passord, og ein del var koda. Dei viktigaste bevisa la eg naturlegvis fram for redaksjonsleiinga og fotografen fleire gonger i løpet av den lange perioden eg jobba med denne saka.

Det største metodeproblemet var knytta til TV-fortellinga. TV er som kjent eit lite egna medium for å presentere skriftleg og/eller databasert dokumentasjon. TV i dokumentarformat krev levande bilde, og levande intervjuobjekt. Vår dokumentasjon inneheld tusenvis av datafiler, og nokre ringpermar med skriftleg materiale. Eg visste at vi måtte sikre oss bilde av organisasjonsaktivitet, og av sentrale tillitsvalde utan å tilkjennegi fullt og heilt kvifor vi film a. Ein del av desse opptaka måtte vi

gjere meir enn eit halvt år før sending. Samtidig var det viktig for oss at vi ikkje snakka usant når vi forklarte kvifor vi ville filme. Vi fortalte difor at vi jobba med eit søkelys på nynorskens framtid med vekt på spørsmålet om organisasjonane gjorde det beste for saka, og at vi ønska ein del bilde til eit muleg søkelys på dette.

Vi var også usikre på kor omfattande sak vi skulle lage, og på kor mange av dei som var medansvarlege vi kunne få til å stille opp på ein konfrontasjon. Dette er eit metodedilemma som er vesentleg større på TV enn i andre medier. Store settingar med mange aktørar fører til ei lang rekke dramaturgiske og forteljarmessige problem. Vi kunne ikkje samle fleire tidlegare sentrale tillitsvalde i organisasjonen på same tid med tanke på ein konfrontasjon, utan å fortelje kvifor vi ønska å intervju dei. Vi visste at ein slik framgangsmåte innebar ein fare for at ingen ville stille opp. Vi visste også at ein slik framgangsmåte truleg også ville medføre eit sterkt påtrykk frå intervjuobjekta om å levere ut bevismaterialet vårt. Vi fann difor ut at vi i første omgang måtte avgrense det første konfrontasjonsintervjuet til ein person.

Eit anna metodeproblem som er større på TV enn i dei fleste andre medier, er tidspunktet for den avgjerande konfrontasjonen / nøkkelintervjuet. I lærebøkene om undersøkande journalistikk står det at det er best å gjere konfrontasjonen relativt tett opp mot publiseringa. Men når vi lager TV, og fyller heile sendingar med eitt tema, blir dette for risikabelt. For vi må alltid vere opne for at ein konfrontasjon kan frambringe heilt nye opplysningar, forhold som kan vere så sentrale at det er best å droppe eller utsette saka. I denne saka valde vi difor å gjere konfrontasjonane tre veker før sending.

Vi valde også medvite å bryte Vær varsom -plakatens pkt 3.3. om at det er god preseskikk å gjere premissane klare i intervjustituasjonen. Då vi avtalte intervjuet med Vidar Lund, var det utgangspunktet for intervjuet framleis eit søkelys på nynorskens framtid, og målrørslas arbeid for nynorsken. I konfrontasjonen la vi fram ein serie med dokument som Lund hadde vanskar med å forklare seg om. Til slutt valde han å avbryte intervjuet. Han bad om meir dokumentasjon og betre tid til å undersøke dokumentasjonen før neste konfrontasjon. Vi leverte ut ein del av materialet som vi akta å bruke, men ikkje alt, og gjorde eit nytt intervju ei veke seinare. I løpet av den veka, prøvde Lund i e-post til TV 2 å så tvil om vår dokumentasjon med påstandar om at det kunne vere manipulerte data. Vi svarte at vi naturligvis var opptatt av at alt vi publiserte var korrekt, og at vi difor gjerne ville få evt prov på dette så snart som råd. Men vi mottok aldri noko, ikkje mellom dei to intervjuia, og heller ikkje etter det siste intervjuet.

Vi hadde også eit sterkt ønske om å intervju andre som hadde hatt sentrale verv i NMU, særleg dei som sat med ansvar då den avslørande interne lista med rubrikkane juks og svaralternativa ja / nei og ja litt, var laga. Ein av dei var redaktør for debatt og kronikk i Klassekampen, men han nekta, la på røyret og skulda oss for å bruke ureine metodar. Konsekvensen av dette var at det berre var Vidar Lund som vart stilt til ansvar. I tillegg gjorde vi eit kort intervju med dagens leiar i NMU. Dette førte derre til eit unødig sterkt søkelys på Lund. På den andre sida hadde han posisjonar som gjorde det naturleg å fokusere på nettopp han. Lund var dagleg leiar, og økonomiansvarleg i ein lengre periode. Hans namn var sentralt på fleire av dei interne strategidokumenta som vart laga då departementet varsla kontroll av organisasjonen i 1997. Lund sto i tillegg oppført som foredragshaldar på det underlege dansekurset som NMU fekk statsstøtte til i 1998. Han var i tillegg nyvald leiar i moderorganisasjonen Noregs Mållag. Han sto også på den hemmelege lista over distriktsleiarar i Norsk Målungdom, eit organisasjonsledd som berre eksisterte på papiret. I tillegg var det Lund som forfatta landsmøteresolusjonen etter AUF-saka, der Norsk Målungdom klaga på kontrolliveren til styresmaktene, samtidig som organisasjonen utarbeidde strategidokument for å imøtegå kontrollen.

Av kjeldevernom syn ser vi ingen grunn til å gå svært detaljert inn på kva vi gjorde for å kryssjekke fakta. Men to av sakene som vart presenterte i nyhetssendingane nokre dagar etter at Rikets Tilstand vart kringkasta, viser ein av metodane. Den gjekk ut på å ta stikkprøver ut frå medlemsregisteret, og ringe eit hundretals personar som angiveleg skulle vere medlem i Norsk Målungdom. Dei vi ringte hadde ifølge medlemsregisteret betalt inn kontingensten til sitt lokallag. Stikkprøvene viste at dette ikkje var rett, berre ein av fem hadde betalt. Vidare ringte vi rundt for å kontrollere namna til dei som sto oppførte som lokalagsleiarar. På den måten fekk vi stadfestat at fleire av dei var falske, og at fleire av dei budde andre stader i landet enn der dei angiveleg hadde vore lokalagsleiar.

Vi valde å legge ut ein del meir materiale på våre nettsider enn det vi publiserte på TV. Vi registrerte at svært mange var innom desse sidene, der dei ved hjelp av passord også kunne opne den omtalte lista der det var kryssa av ja, nei og ja litt i rubrikken juks.

7. Eg reknar med at eg har brukt til saman to og ein halv månad på denne jobben. Ein stor del av tida er tilbrakt i klipperommet på jakt etter forteljargrep som kunne gjere ei så lite TV-vennleg sak om til levande

fjernsyn. Vi prøvde ut ei rekke verkemiddel, før vi ved hjelp av ei ny redigeringsmaskin som kunne tappe signal rett frå PC-en, fann ein metode som gjorde at vi kunne bygge heile forteljinga som eit sok i datamaskinen.

8. Spesielle erfaringar: Norsk Målungdom valde å melde oss til politiet med skuldingar om datainnbrot, og påstandar om at vi også hadde brote oss inn på passordverna område. Eg har vore i politiforhøyr om dette, men har i skrivande stund ikkje høyrt meir om kvar den saka står. På bakgrunn av vår sak fekk Økokrim ordre av statsråden om å etterforske organisasjonen. Heller ikkje den etterforskinga er ferdig.. . Som nynorskbrukar synst og det var ein del personlege utfordringar knytta til denne saka. Eg var klar over at saka kunne skade nynorsken, og var i tvil om kor hardt vi skulle slå mot ein organisasjon som var så liten, og som hadde så trond økonomi. Personleg har eg aldri vore tilknytta målrørsla, men eg har mange gode venner som har posisjonar i nynorske kulturinstitusjonar med utspring i målrørsla. Men eg synst det var viktig å sjå på denne saka ut frå eit profesjonelt og prinsipielt utgangspunkt. Eg ønska å dokumentere så godt eg kunne at oppryddinga etter AUF-saka ikkje hadde ført til at det vart slutt på alle forsøk frå organisasjonar om å få tilgang til ein større del av fellespotten, og der igjennom å skaffe seg meir politisk makt enn det var grunnlag for. I sum handla denne saka truleg om meir pengar enn AUF-saka. Vi kunne difor ha laga langt fleire saker, og vi kunne vore endå hardare i vår presentasjonsform. Men vi ville vere varsame slik at ikkje den unike dokumentasjonen freista oss til å overdimensjonere saka.

Vedlegg:

- 1) Kopi av Rikets tilstand 2.10
- 2) Kopi av i alt 13 nyhetssaker + ei sending i Tabloid
- 3) Kopi av artiklar på TV2s nettsider.

Odd Isungset